



I ettermiddag seig eit stort seilskip sakte gjennom Storsundet. Flagget bak avslørte at båten var dansk, men kva den heitte kunne vi ikkje sjå.

Dei tre like mastane fortalte at det var ein fullriggar, Vi har ikkje så mange slike her i landet, men Skuleskipet Sørlandet er ein av dei.

Har andre opplysningar om båten er vi takksame for dei

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen

Seinare får vi opplyst at skipet heiter Georg Stage og er undervegs til Norheimsund. Det kom no frå Arendal. Det vart bygd i 1934, er eit stålskip og rigga som ein 3-masta fullriggar.

Fleire har gjeve oss opplysningar om båten og ein av dei er Britt Iren Østebø. Ho opplyser at skipet er eit skuleskip og høyrer til den sjøveigande stiftelsen Georg Stages Minde som vart oppretta i 1882 av skipsreieren Georg Stage og hans hustru Thea.

Dei gjorde det på grunn av det store behovet for utdanning av kvalifiserte sjøfolk.

Skipet fekk dette namnet etter sonen til paret som døde av tuberkulose i 1880, berre 22 år gamal.

Konklusjon? Ein skipspassering kan gøyma mykje interessant stoff!



© Peter Lars Jensen
MarineTraffic.com